

---

**Fra:** NVE <NVE@nve.no>  
**Sendt:** 30. september 2019 12:26  
**Til:** !Postmottak OED  
**Kopi:** andrelu@online.no  
**Emne:** VS: Høringssvar til Nasjonal ramme for vindkraft.

**Kategorier:** Rosa kategori

---

**Fra:** Andreas Lund [<mailto:andrelu@online.no>]  
**Sendt:** torsdag 26. september 2019 23:05  
**Til:** NVE <NVE@nve.no>  
**Emne:** Høringssvar til Nasjonal ramme for vindkraft.

Nå må dette ta slutt. Det er grusomt å sjå korleis vakre Norge vert rasert av vindturbinar. Og dette skjer i miljøets navn. Eg vert ganske sjuk av denne vandalismen.

1. For det første, så er vel vindkraft knapt nok bærekraftig, dersom ein tek med heile livsløpet, produksjon, transport, anleggsperioden og også demontering.
2. Ser ein på turbinpropellar, som har vore i drift ei tid, er det tydeleg at der skjer ei avskalling, noko som går rett ned i grunnen. Og kan forurensa grunnvatnet.
3. Støy og infralyd gir redusert livskvalitet, for dei som bur i ein radius på inntil 20km. (Dr. Pereira) I den forbindelse skulle eg likt og fått svar på følgande spørsmål: Kva kompetanse, innen støy og infralyd, har de som arbeider i NVE, og altså sit og deler ut konsesjonar til desse vindkraftverka?
4. Vindturbinar er ein skandale for naturen, fuglar og dyr. Fuglane risikerar livet gjennom kollisjonar med turbinane. Ville dyr forandrar trekkruter og oppførsel, når vindturbinar vert bygde.
5. Reiselivsnæringa i Norge vil nok få svi, om alle planlagte vindkraftverk vert bygde.
6. NVE si behandling av vindkraft konsesjonar, gjer at det norske folket mister trua på demokratiske prosessar. Kommunar seier nei til vindkraft, mens de i NVE, bare durer i veg, og deler ut konsesjonane. Det er bare skremmande
7. De har kanskje høyrte om kunstnaren Lars Hertervig, som budde på Borgøy i Tysvær kommune. Han mala naturen og lyset på ein fantastisk måte. Og nå har dokke greid den genistreken, det er, å foreslå at nærmast heile området han mala, er eigna til vindkraft.
8. Alle og einkvar som har sett naturinngrepa, og dimensjonane på dagens monsterturbinar, forstår at her er det snakk om store investeringar. Kvifor ikkje heller bruka desse milliardane til å rusta opp dei eldste vannkraftverka.
9. Visuelt, så er jo vindkraft verka veldig malplasserte, i den vakre naturen, som me har i Norge. Og sjølv om turbinane skulle bli demonterte, så vil såra i naturen, stå som eit minnesmerke over feilslått energisatsing, i lang lang tid
10. Mitt råd er: La kommunane få bestemta sjølv om dei vil volda og øydelegga naturen sin. Sats på oppgradering av vannkrafta. Få fart på ENØK-arbeidet igjen. Og me som bur i verdens rikaste land, må slutta å snakka om økonomisk vekst. Det er det andre land som heller bør få nå!

Lukke til med den vidare konsesjonsbehandlinga, og arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft. Og husk på fjellvett regel nr.8: Vend i tide, det er inga skam å snu!  
Vennlig helsing Andreas Lund